

NR. 8

DESEMBER 1987

20. ÅRG.



*All  
som tok imot ham,  
dem gav han rett til å bli  
Guds barn*

**God Jul**

# Julekonserter

## «O JUL MED DIN GLEDE»

Som barn gjorde jeg en skremmende oppdagelse. Det var like før jul, og jeg hadde satt meg til å bla igjennom alle julesalmene i salmeboken. Og så fant jeg ikke den min barnlige sjel var aller mest på jakt etter. «O jul med din glede» stod der ikke. Den står ikke i den nye salmeboken heller. (I parentes bemerket: har dere anskaffet den nye salmeboken hjemme? Fra alders tid har folk innsett at en egen salmebok til bruk i fryd og smerte — det skulle hvert eneste menneske eie.)



Der salmeboken mangler i et hjem, er det et usviklig tegn på åndelig (og på kulturelt) forfall. (Framifrå julegaveidé!) Men sant å si har jeg for lengst forsonet meg med mangelen. «O jul med din glede» ville simpelthen ikke passe til guds-tjenestebruk. Ikke bare fordi det ville bli problematisk å klappe i hendene og svinge seg i kretsen mellom benkeradene. Men simpelthen fordi forfatterinnen, den brave prestekone og misjonskvinnen Gustava Kieland bruker litt for lang tid på å komme til selve saken. Det blir vel mye pynt som kan skygge for budskapet.

Allikevel skal denne barnekjære sangen få beholde sin plass i hjemmenes julefeiring. Den setter oss på en måte i bevegelse med hele oss: hender, fotter og nakke. Og i annet vers avslører den på en tankevekkende måte hva julens «glede og barnlige (ikke barnslige) lyst» bunner i, og hva det er som spinner de «kjærlighets hellige bånd» som vi knytter i vers 3:

«I østerlands vise, I tre stjernemenn,  
vi vet jo hvorhen I skal drage.  
Ti vi ville også så gjerne derhen  
og eder på reisen ledsage.....»

Fred sammen med de vise menn — hvor den fører hen, ja, det vet vi alle fra vår bibelhistorie. Til barnet i krybben, hvor ellers? Å finne dit, det er julens store mål og bevegelse. Dette er det flere av våre julesanger som forteller.

«Nå vandrer fra hver en verdens krok i änden frem, i änden frem  
et uoverskuelig pilgrimstog mot Betlehem ...»

(Norsk Salmebok 68:1)

«Å, kom nå med lovsang, jordens kristenskare!  
Å, kom nå med lovsang til Betlehem ...»

(Norsk Salmebok 49:1)

«Kom, la oss vandre glad i sinn med hyrdene til barnet inn ...»

(Norsk Salmebok 36:6)

«Kom, vi vil til krybben haste!  
La oss sa, store, små, ned på kne oss kaste ....»

(Norsk Salmebok 39:4)

Å vandre, å komme, å haste, å «ledsage» de tre vise til Betlehem — alt sammen er bildetale. Selvagt. Ikke er det nødvendig å dra til det hellige land for å oppleve julen, og å komme dit pr. kamel som vismennene må ha gjort det, forbyr seg selv av mange grunner. Allikevel er gleden med «den barnlige lyst» fullt og fast knyttet til dette: at vi — i änden — virkelig får gjennomført ferden. Ferden bort fra vårt eget, trange rom, der alt dreier seg om Meg og Mitt: hva Jeg e r, hva Jeg h a r, hva Jeg k a n, Jeg — verdens uforlignelige midtpunkt! Ferden hen til en krybbe med et lite barn: Gud steget ned til jorden, Gud tilstede i jordisk hjelpeboset, himmelens utstrakte hand til alle oss hjelpeøse.

«Viser deg, herre Jesus, som en av verdens små.

Din fødsel er et under vi aldri kan forstå.

Men i et evig lovsangkor

forenes alle slekter. Vi ser deg, barn, og tror».

(Norsk Salmebok 71:1)

Og sa far det saktens mening å sygne «O jul med din glede og barnlige lyst». Ja, sannelig å klappe en smule i hendene også.

Signet julefest!

Deres Per Lønning

### ARNA KYRKJE:

Konsert søndag 13. desember kl. 19.00  
Unnelandskoret dir. Ellen Øgaard.  
Arna kyrkjekor dir. Asbjørn Flåm.  
Arna barnekantori dir. Asbjørn Flåm.  
Andakt ved res.kap. Sundsbø.


På denne konserten skal barnekantori framføre julespelet «Den store kongen». Koret stiller også i sine nye kordrakter.

«Vi syng jula inn» sundag 20. desember kl. 19.00

Arna kyrkjekor  
Organist Asbjørn Flåm.  
Sokneprest Øyvind Øy.

### YTRE ARNA KYRKJE

Julekonsert 20. desember kl. 18.00  
Arr. Arne Musikforening.  
Utanom Arne Musikforening medverkar mellom andre kora i Ytre Arna kyrkje under leding av Siri Brunvoll.



# Julefestar

### JULEFEST FOR ELDRE

Ytre Arna Sanitetsforening og Ytre Arna sokneråd innbyr alle eldre i Ytre Arna til julefest søndag 10. januar kl. 16.00. Stad vert kunngjort seinare.

### TUNES BEDEHUS

20.12: Familiefest kl. 16.00.  
Tale v/Lilly Haugland.  
Musikk v/Solveig Tesdal.  
Song. Søndagsskuleborna deltek. Bevertning. Juletregang. Kollekt.  
Alle er velkomne.  
Arr.: Tunes søndagsskule

### ARNA BEDEHUS

28.12: Julefest kl. 17.00.  
Andakt, musikkinnslag, song og opptrinn av born fra Søndagsskulen og Y.A. Juletregang og bevertning m.m. Heile familien hjertelig velkommen.

03.01: Familiefest.  
Tale v/bibelskulerektor Karl Johan Halleråker. Variert program.

### BETANIA, LONE.

27.12: Barnefest v/Søndagsskulen og Barnekoret.  
28.12: Julefest kl. 19.00 v/BUF og Y-ungdom.  
10.01: Borgafest.

### YTRE ARNA BEDEHUS

28.12: Søndagsskulen sin julefest kl. 17.00. Andakt v/Marie Ulvesæter.  
Alle velkomne.  
02.01: Julefest v/Indremisjonen Tale v/Sigurd Rydland


### HAUGLAND BEDEHUS

28.12: Barnefest kl. 15.00  
30.12: Julefest v/Indremisj. kl. 18.00. Tale v/Leif Nesheim

### UNNELAND BEDEHUS

27.12: Julefest kl. 19.30  
Tale v/Oddmund Tverranger  
10.01: Julefest v/Søndagsskulen

# TAKK AT DU KOM, KONGE!



Då kongen vår kom heim att 7. juni 1945, var det ein liten gut som gjerne ville ta kongen i handa og takka han for at han ville koma. Men guten hadde ikkje blomar å gje han, berre nokre øre som han hadde spaar saman.

Desse pengane hadde guten planer om å bruka til noko heilt anna. Men i gleda over kongen som kom, gav guten alt, med orda: «Takk at du kom, konge!»

I denne advent-tida minnes me ein annan konge som kom, nemleg kongen over alle kongar. Han som kom til verda i ein stall, og ikkje i eit slott slik andre kongar gjorde det.

Er du og eg takksame for at denne kongen kom? Har det verkeleg gått opp for oss kva dette har å seia for oss alle, ja for heile menneskeslekta? Er vi så takksame at vi er viljuge til å gi kongen alt, slik den vesle guten gjorde? Vår himmelske konge vil ha tida vår, kreftene våre, ja heile livet vårt. Måtte vi gi han ALT, med orda: «Takk at du kom, konge.»

## KONFIRMANTAR PÅ WEEK-END



Med i opplegget for konfirmanttida høyrer at dei skal få tilbod om å vera med på ein helgetur. Dette året var det til den nye Fjon Fjellkyrkja i Masfjorden 23.-25. oktober. Vel 30 konfirmantar var med frå Ytre Arna og Arna sokn, og av konfirmantlærarane var Harald Haugsvær, Erik Rodal og Harald Sundsbø med. Dessutan fleire ungdomar med som var gruppeleiarar og nokon som hadde ansvar for kjøkken og mat.



## BIBELEN FOR SMÅ OG STORE

Denne hausten har Bibelskapets forlag gjeve ut ein barnebibel. Dette er første barnebibelen på nynorsk, men den vert også gjeven ut på bokmål samstundes. Tekstane er slik dei står i den nye bibelomsetjinga og dei er pedagogisk tilrettelagde med justeringar og forkortingar for born i alderen 6-10 år.

Barnebibelen er gjennomillustrert med 160 usentimentale teikningar. Det er lagt stor vekt på at tekst og teikning skal høyra naturleg saman. Teiknaren Anita Behrent har arbeidd i nærmere 4 år med dei over 160 teikningane. Når ein opnar boka, finn ein teikningar i farge eller svart/kvitt på kvar dobbeltside.

Forlaget hevdar at målet med boka er å gje særleg børna i alderen 6-10 år eit positivt møte med forteljingane i Bibelen. Kvifor gje børna noko anna enn bibeltekstane dei skal leva av som vaksne?

Boka eignar seg godt for at born og vaksne kan oppleva bibeltekstane saman. Difor er dette og ei god høgtlesingsbok for litt større born.

Som andre barnebiblar er det eit utval av tekstar som er tekne med. Det er studierettleiar Målfrid Norum som har arbeidd med tekstuvalet, og med hjelp fra andre konsulentar og teiknarar, har det vorte eit fint resultat. Bak i boka er det og eit godt register for kvar tekstan er henta frå slik at det vert lett å slå opp og lesa samanhangen i ein vanleg Bibel. Om nokon synest det er vanskeleg å finna fram der, trur eg og at denne Bibelen kan vera ei hjelpt. Difor er dette ei god bok, både for små og store. Og i ei tid med mange tankar om kva ein skal gje i julegåve, vil kanskje dette vera ein idé? For mange kan det verta ein ny måte å oppleva Bibelen på.

Bibelen for små og store  
Nynorsk og bokmål.  
Bibelskapets forlag.

Harald Sundsbø

## MØTE

### Betania, Lone

- 13.12: Møte v/BUF  
17.12: Nattverdmøte  
20.12: Møte v/Indremisjonen  
03.01: Møte v/BUF  
07.01: Nattverdmøte

### Arna bedehus

- 06.12 Adventfest kl. 17.00  
10.12: Nattverdmøte kl. 19.30  
13.12: Bønne- og vitnemøte kl. 19.00

### Haugland bedehus

- 09.12: Møte v/Henny Opheim  
kl. 19.00



### FAT MED MOTIV AV ARNA KYRKJE

Dette fine fatet kan ein få kjøpa på Kyrkjekontoret i Borgstova. Det kostar kr. 100,- og vi har framleis ein del fat att. Overskotet av salet går til Kyrkjelydshuset.

## KYRKJESKYSS

Kyrkjesskyssen frå Haukeland/Espeland fungerar slik:

### Desse køyrer:

13. des.: Magne Mestad tlf. 24 00 14.  
20. des.: Sverre Myklebust tlf. 24 29 71  
27. des.: Svein Mjelde tlf. 24 28 71  
03. jan.: Ingrid Hope tlf. 24 08 08  
10. jan.: Harald Røsland tlf. 24 08 70  
17. jan.: Magne Mestad tlf. 24 00 14  
24. jan.: Sverre Myklebust tlf. 24 29 05

# SAMARBEID SKULE – KYRKJE

## KONTAKTUTVALET I ARBEID



Fra skulegudsteneste på Trengereid 22., kombinert med familiegudsteneste.

**KONTAKTUTVALET SKULE/KYRKJE I ARNA** er eit instruksfesta utval sett saman av ein kontaktperson frå kvar grunnskule i Arna og representantar frå kyrkja.

Kontaktpersonen skal etter instruksen veljast i lærarråd ved kvar skule. Kyrkja vel sjølv sine representantar.

Inneverande skuleår er desse representantane med i utvalet:

Gullborg Aarlid .....	Trengereid skule
Gunnlaug Folkedal .....	Tunes skule
Anita Gunnarson .....	Garnes skule
Bjarne Fjellveit .....	Garnes ungdomsskule
Arne Andersen .....	Ytre Arna skule
Margit Nes .....	Haugland skule
Ingunn Brandsdal Pedersen, sekr. Indre Arna skule	
Ragnhild Akselberg, formann ...	Ådnamarka skule
Berit Haugsvær .....	Lone skule
Grethe Bergo Larsen .....	Unneland skule
Harald Sundsbø .....	Kyrkja
Øyvind Øy .....	Kyrkja
Erik Rodal .....	Kyrkja

Utvalet har omlag 4-5 møter om året.

Kommunalavdeling skule i Bergen har gjennom det sentrale kontaktutvalet for skule-kyrkje utforma instruksen som gjeld for dette arbeidet. I denne instruksen står det at det bør dannast eit lokalt skule-kyrkjeutval innanfor kvar kyrkjelyd. Vidare står det at føremålet er å leggja til rette

for samarbeid mellom skule og kyrkja på det lokale plan. Samarbeidet skal ha sin basis i skulen sitt planverk. Område det er naturleg å samarbeide om kan vere: faglege og metodiske spørsmål i skulen si kristendomsundervisning, skulegudstener, ekskursjonar til kyrkja og vit-

jing frå kyrkja på skulen.

Den nye mønsterplanen for grunnskulen strekar sterkt under kor viktig eit samarbeid skule-lokalmiljø er. Kyrkja må sjåast på som ein del av lokalmiljøet. Difor er eit samarbeid mellom desse institusjonane heilt naturleg. Kristendomsfaget peikar seg her ut som det naturlege utgangspunkt.

Ved dei to møta som har vore i haust vart mellom anna desse sakene teke opp:

- Skriv frå fagrettleiaren i kristendomskunnskap om lokalt læreplanarbeid i kristendomskunnskap.

- Orientering om kurset «Skapande bibelarbeid» ved Gunvor Lande.

Kurset vart halde på Garnes ungdomsskule 19. nov.

- Invitasjon av 1. klassingane til gudsteneste.

Prestane kjem rundt på skulane og inviterer dei til ei særskild familiegudsteneste (i år 29. nov.). Eleven får då ei skriftleg innbyding til gudstene sta. Under gudstenesta får dei ei gáve frå kyrkjelyden, og nokon får og vera med på oppgåver i samband med gudstenesta. Om lag halvparten av 1. klassingane har vore med på desse gudstenestene.

- Organisering av 3. klassebesøk i kyrkja.

alle 3. klassane får eit tilbod om ekskursjon til kyrkja med omvisning. Orientering om Kyrkjelydsarbeidet og eit møte med dei tilsette. Kyrkjeskule utvalet har utarbeidd eit eige program for desse ekskursjonane.

- Besøk i 6. klasse.

Prestane er med på ein kristendomstime i 6. klasse. Då har elevane gjerne førebudd timen med å laga spørsmål dei kan koma med.

- Skulegudstenester.

Ein viktig del av arbeidet i utvalet er å samordna, førebu og vurdera skulegudstenestene. Desse gudstenestene er gjerne knytta til hausttakkefest, adventstid og påske, og dei fleste skulane har ei eller fleire skulegudstenester i året.

### MØNSTERPLANEN.

Vidare drøfta ein aktuelle oppgåver for utvalet i samband med den nye

mønsterplanen. Denne planen legg stor vekt på at læreplanane skal vere tilpassa dei lokale tilhøva ved den einskilde skulen. Utvalet fann det difor naturleg å prioritere arbeid med fagplanen i kristendomsfaget ved møta i halvåret. Ein vil då konsentrere seg om aktuelt stoff som bør vere med på dei ulike trinna. Samstundes vil ein prøve å flette inn PRASOSKA (praktisk, sosialt og kulturelt arbeid) i planen.

- Årsplan for samarbeid skule/kyrkje.

Unneland skule har laga sin eigen årsplan for dette samarbeidet som vart sendt ut som orientering til foreldra. Er dette ein idé for dei andre skulane?

- Lysbilete.

Det er laga ein lysbileteserie om Arna kyrkje. Det har vore drøfta å laga for Ytre Arna kyrkje og kapellet på Takvam og Trengereid.


- Hjelp til salmar.

Organisten har til utvalet sagt seg viljig å hjelpe til med innøving av salmar, musikkarrangement o.l. i samband med julegudstenestene.

**Skule/kyrkjeutvalet i Arna**



Elevar frå Trengereid skule framførde bibelspel om den miskunnsame samaritanen.



Gjengitt etter «Bibelen for små og store»  
Copyright: Det Norske Bibelselskap

### *Jesus vert fødd*

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef og før frá byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdé til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom at dei i herberget.

Det var nokre gjetarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauerne sine om natta. Best det var, stod ein engel frá Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følande reddde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redd! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste,  
og fred på jorda  
blant menneske som Gud har hugnad i!»

Då englane hadde fare frá dei og attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdé på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde hørt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 04.10: Silje Skulstad, Kathrine Møn Steffen.  
04.10: Anja Brekke Langeland. Døypt i Voss krk.  
18.10: Lena Marie Eriksen, Silia Malen Unneland, Wenche-Mari Bliksås Toft, Susanne Rolland, Eirik Leiren.  
08.11: André Rørbakken, Hanne Fivelstad Pedersen, Tina Helén Vaksdal, Bente Cecilie Solberg, Christina Sårheim Presttun.  
01.11: John Stian Lorentsen. Døypt i Nykirken.  
08.11: Jone Aadnevik Oma, døypt i Årstad krk.  
15.11: Lars Kristiansen, døypt i Birkeland krk.  
15.11: Marie Kristine Bjerkan Alvær, døypt i Ytre Arna krk.  
22.11: Elise Birkeland, Daniel Moen, Ann Kornelia Skingen Hundhamer.

### Ytre Arna sokn:

- 11.10: Jeanett Ymbjørg Vestbø.  
18.10: Lena Marie Eriksen, døypt i Arna krk.  
15.11: Linn Thunes.

### Ytre Arna sokn:

- 03.10: Stig Henning Mjelde og Irene Grønstøl, vigde i Asane kyrkje.  
24.10: Torstein Hellesøy og Hilde Cathrine Johannessen, vigde i Årstad kirke.



## Døde

### Arna sokn:

- 29.09: Agnes Margrethe Mikkelsen f. 1899.  
12.10: Olav Hartveit f. 1898  
13.10: Anna Helena Lavik f. 1906  
19.10: Berit Helene Larsen f. 1901  
25.10: Torbjørg Olsen f. 1912.  
23.10: Morten Thunestveit f. 1967  
28.10: Martinus Trengereid f. 1913  
31.10: Berit Rådmannsøy f. 1939  
02.11: Anna Blom f. 1900  
02.11: Peter Ask f. 1915. Begravet Fana kapell.  
06.11: Leif Kristoffer Dolvik f. 1927.  
07.11: Einar Ullestad f. 1919  
15.11: Leif Harry Vedå f. 1917  
17.11: Marie Oline Lithun f. 1903  
18.11: Kåre Brumborg f. 1924  
19.11: Signe Johanna Hatteberg f. 1909

### Ytre Arna sokn:

- 07.10: Marit Nyborg Leknessund f. 1939  
30.10: Mons Vevle f. 1902  
30.10: Henrik Hansen f. 1910  
06.11: Alfred Pettersen f. 1904  
15.11: Bernhard Martin Skreien f. 1907



## Vigde

### Arna sokn:

- 10.10: Håkon Justad og Reidun Takvam.  
10.10: Ove Birger Stammeshagen og Anne Grethe Aastvedt.  
10.10: Odd Magne Nilsen og Rigmor Beate Robertson.  
24.10: Arvid Knapskog og Kjerstin Fjellveit. Vigde i Domkyrkja.  
21.11: Nils Magne Sunde og Anette Thunestveit.



## Dåpssøndagar


Det vert høve til dåp i kyrkje-  
ne desse søndagane:

Arna: 25.12, 27.12, 3.1, 17.1, 31.1, 14.2.  
Ytre Arna: 25.12, 3.1, 10.1, 17.1, 24.1,  
7.2, 14.2.

Ved dåp i Arna kyrkje bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

Presten  
har  
ordet

Øyvind Øy



eldresenter vil føre dette arbeidet eit steg vidare og gje nye tilbod til glede for eldre i Arna. Det er difor oppmuntrende at dette samarbeidsprosjektet er møtt med så positiv velvilje i Arna-bygda, og vi vonar at det ikkje går lenge før eldresenteret er ein realitet.

Øyvind Øy.

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna sokn:

- 04.10: Bjørgvin Bispedømeråds.  
Fam.rådgjevingskontor kr. 3236,-  
11.10: Kyrkjelydshuset kr. 3662,-  
18.10: Arna kyrkjelyd sin dagheim kr. 2016,-  
Norsk Lærarakr. kr. 2110,-  
01.11: Takvam kapell kr. 1781,-  
08.11: Kyrkjelydsarbeidet i Arna kr. 1916,-  
25.11: Santalmisjonen kr. 1529,-  
22.11: Norges Kr. Student- og Skuleungdomslag kr. 2802,-

### Ytre Arna kyrkje:

- 04.10: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1045,-  
11.10: Norsk Lærerakademi kr. 1107,-  
18.10: Den indre sjømannsmisjon kr. 725,-  
01.11: Menighetsfakultetet kr. 1714,-  
08.11: Diakonutvalget i Arna kr. 440,-

## Bibelleseplan

Også dette året har Verbum forlag gjeve ut eit lite hefte med plan for dagleg bibellesning. Der er tekstane knytta til søndagane i kyrkjeåret samstundes som ein og kan lesa ulike bøker i Bibelen i samanheng. Tilvisningar til salmar som høver til tekstanne ein les, finn ein også. Heftet kostar kr. 15, og ein kan få kjøpt det hjá bokhandlarar. Det er eit godt hjelpebiddel til å få plan over bibellesinga.

Soknerådet ser positivt på dette samarbeidet som har kome i stand. Vi har hatt som målsetting for kyrkjelydshuset at det skal vere eit hus som folk i Arna kjenner som sitt og at det skal gje plass for mange ulike brukargrupper. Det er difor ei naturleg følgje av dette at soknerådet går inn i eit samarbeidsprosjekt om eldresenter.

Fleire av bydelane i Bergen har alt fått sine eldresenter som fyller ein vensentleg funksjon i lokalmiljøet og er gode og miljøskapande tilbod for dei eldre. Vi ser fram til at det skal verte ein realitet også for Arna.

I mange år har det vore eit godt arbeid for eldre i Arna og mykje av dette vil nok halde fram som før, men eit

Arna kyrkjelyd sitt Fritidstilbod for funksjonshemma har nokre ledige plassar.

Klubben held til i Arna bedehus «Dagheimen» kvar onsdag kl. 18-20.

Interesserte er velkomne til å melda seg til Dagny Kleppestø tlf. 24 06 65 eller Asbjørn Padøy tlf. 24 08 87.

# DØR-TIL-DØR-AKSJON

**Kyrkjelydsblad for Arna**  
Ekstrautgåve november 1987  
Informasjonsavis fra Arna Soknerad

## KYRKJELYDSHUS MED MODERNE ELDRESENTER

**Stor innsamlingsaksjon 16.-18. november**

**ELDRESENTERET**

MÅL: Det er et stort behov for å få til en nyttig og moderne bedehus med tilhørende lokaler for å tilby tilstrekkelig tilgang til religiøs og sosial aktivitet. Det er også et ønske om å få til en moderne bedehus med tilhørende lokaler for å tilby tilstrekkelig tilgang til religiøs og sosial aktivitet.

HØYDE: Det er et ønske om å få til en moderne bedehus med tilhørende lokaler for å tilby tilstrekkelig tilgang til religiøs og sosial aktivitet.

STØTTE: Det er et ønske om å få til en moderne bedehus med tilhørende lokaler for å tilby tilstrekkelig tilgang til religiøs og sosial aktivitet.

FØRSTESIDA: Det er et ønske om å få til en moderne bedehus med tilhørende lokaler for å tilby tilstrekkelig tilgang til religiøs og sosial aktivitet.

FØRSTESIDA: Det er et ønske om å få til en moderne bedehus med tilhørende lokaler for å tilby tilstrekkelig tilgang til religiøs og sosial aktivitet.

Resultatet av aksjonen som Arna sokneråd hadde til inntekt for Kyrkjelydshuset, var godt, om ein samanliknar med andre tilsvarende innsamlingsaksjonar. Det kom inn noko over 68.000 kr. Likevel må ein slå fast at det er eit godt stykke fram til målet for å kunna reisa huset. Med dei planar som ligg føre har ein sagt at ein treng rundt 1. mill. kroner meir for å kunna reisa bygget slik at ein får tett hus. Med julemessa er no kr. 127.000 kome inn, i tillegg til den eine millionen ein har frå før.

Arna sokneråd har kalla inn til soknemøte 6.12 for å få ei fråsegn om kva ein no bør gjera.

20 personar har tidlegare teke opp personlege lån i Fokus Bank på kr. 10.000 kvar, og gjeve pengane til huset. I testamentariske gåver er det komme inn ca. 200.000. Om nokon vil vita meir om korleis ein best kan støtta prosjektet, kan ein ringja Kyrkjekontoret tlf. 24 04 00 eller senda gåva til: Kyrkjelydshuset i Arna, Vollavegen 45 B, 5260 Indre Arna, bankgiro: 844.21.04243 eller postgiro: 3498995.

I arbeidet vidare er det no lagt vekt på å tilpassa huset slik at det kan nytast som eldresenter på dagtid.

## Vellukka julemesser

Julemesse eller salsmesse no i førjulstida ser ut til å vera inntektsbringane tiltak. I alle høve seier ansvarlege for Ytre Arna bedehus og Kyrkjelydshuset i Arna seg godt nøgde med resultatet frå julemessene 20. og 21. november.

På messene var det ulike programinnslag med korsong og andakt, for å nemna litt. Og sjølvsgåt sal og utlodning. Til nybygget på Ytre Arna bedehus kom det inn kr. 34.000, og til Kyrkjelydshuset i Arna kr. 59.000.

## Framsida som julekort


Motivet på førstesida i Kyrkjelydsbladet denne gongen er henta frå eit av julekorta som Noregs Kristelige Student- og Skoleungdomslag gjev ut. Dei gjev ut kort med mange ulike kristne motiv som vert selde til inntekt for deira arbeid. Originalen, som er trygt i fargar, er laga av Anders Færevåg.

Desse korta kan ein få kjøpa på Lagskontoret, Kalfarvei 8 i Bergen, gjennom dei lokale skulelaga eller ved å kontakta: Lagskort, Magnus Blindesv. 8, 7000 Trondheim. Ved Ytre Arna prestekontor er det og eit utval av korta til sals.

## GEVINSTAR

Kyrkjeringen i Ytre Arna arbeider for å dekka utgiftene til Kyrkjelydshuset. I februar vil dei ha ei utlodning til dette i samband med årsfesten for kyrkjelyden. Til dette treng dei gevinstar. Om nokon har noko å gje, kan dei ta kontakt med eller levera det til Kyrkjekontoret tlf.: 24 85 46 eller til nokon av medlemmene i kyrkjeringen.

## Rundsreisa i Israel 16.-28. mars 1988 med res.kap. Harald Sundsbø som reiseleiar



Om det vert deltagarar frå andre stader i Noreg, kan dei koma med frå København.

På denne turen reiser vi og til badbyen Eilat heilt i syd, og difor får vi sjå større delar av landet enn med mange andre turopplegg.

Nærare opplysningar og turprogram kan ein få ved Ytre Arna prestekontor, tlf. 24 85 46, Postboks 111, 5265 Ytre Arna, res.kap. Harald Sundsbø tlf.: 24 13 25 eller direkte hjå Fokus Reisebyrå tlf.: 042-26921.

Før avreise vert det arrangert 2 samlingar i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Desse samlingane vil innehalda litt praktiske opplysningar om reisa, men hovudvekta vert lagt på å orientera om nokre av dei stadene vi skal reisa til. Der vil vi både ta fram litt om situasjonen i dag og den historiske bakgrunnen. Desse samlingane er opne for alle og såleis ikkje tenkt berre for turdeltakarar. Kanskje nokon som har vore i Israel har hug til å oppfriska minner frå turen ved å vera med på desse samlingane?

Første samling vert torsdag 28. januar kl. 19.00. Det går Åsanebuss frå Arna stasjon kl. 18.30. Retur frå Ytre Arna kl. 21.10. Kyrkjelydshuset ligg rett bak kyrkja i Ytre Arna.

VEL MØTT!

## Julemiddag for eldre

Ytre Arna Sanitetsforening melder at dei har fått inn frosne porsjonspakkningar frå Stabburet med julemeny: svineribbe, medisterkake med raudkål. Prisen er kr. 25 for desse pakningane, medan det er kr. 20 for dei andre rettane. Utsalget er ope kvar tirsdag kl. 11.00-12.00 i Kyrkjelydshuset.

Arna kyrkjelyd formidlar også sal av eldremiddagar, og dei har og tinga julemenyen. Det kan ein få kjøpt ved å kontakta Avdeling for pleie og omgang på Arnatveit.

# Soknemøte om kyrkjelydshuset i Arna

Søndag 6. desember hadde Arna sokneråd innkalla til soknemøte for å ta stilling til den vidare framdrifta med bygging av kyrkjelydshuset. På møtet var det mange som hadde ordet, og gjennom 2½ time kom det fram ulike meningar om prosjektet. Det var likevel ein samstemt vilje til å byggja kyrkjelydshus som kom til uttrykk. Usemje gjekk på kor stort det skulle vera ut frå dei midlar ein har til rådvelde.

Ved slutten av møtet vart soknerådet sitt framlegg til vedtak vedteke med 21 røyster.

Det lyder slik:

1. Soknemøte for Arna kyrkjelyd rår til at det vert starta bygging av kyrkjelydhus i 1. kvartal 1988 i samsvar med dei planar som ligg føre, med nødvendige justeringar.

2. Soknemøtet ber soknerådet arbeida fram rimelegare økonomiske løysingar enn dei som ligg føre i dei innkomne tilboda. Soknemøtet ser det som nødvendig for å kunne realisere bygget. I. byggesteg bør fullførast innanfor ei kostnadsrame på 2 mill.kr.

3. I første omgang vert det arbeidd

fram «tett bygg» og ferdig leigearreal for kyrkjegardsarbeidarane.

4. Vidare arbeid med bygget vert utført i takt med tilgangen på midlar. Ein bør ta sikte på å fullføre bygget i løpet av ein fem-årsperiode.

Eit framlegg frå Ingvard Hageberg som gjekk på mellom anna å få ein arkitekt til å koma med alternative teikningar til eit mindre hus, fekk 12 røyster. Føresetnaden i dette framlegget var at arbeidet med dei eksisterande planar burde halda fram samstundes med utarbeidinga av alternativet. Då ville eit seinare soknemøte kunna velja mellom ulike alternativ.

Vedtaket på soknemøtet er rådgjevande for soknerådet, og Arna sokneråd vil såleis i nær framtid ta stilling til den vidare framdrifta av bygginga.

Den største vansken no er at ein vantar pengar til å fullføra heile bygget og difor ligg det i vedtaket at ein kan koma med justeringar underveis. På møtet vart det nemt at inngangspartiet på austsida kanskje kunne flyttast til nordsida, og om ein sloyfa hemsen, kunne kanskje takhøgda gjerast mindre.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11. 5260 Indre Arna.  
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein.

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsførar: Børge Hellesøv.

Bladpengar: kr. 30,- adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

**a.s. Sarepta**  
5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

**Kleiveland**

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## Kranser Bårebuketter

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.  
Transport med egen bil.  
Annonser, sanger, sloyfer.  
Monumenter besorges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

Bil – Båt og  
varetransport



**NOROL**

## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnateit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# *Velkommen til kyrkje*

- Des. 18.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Sundagsskule.  
**Arna kl. 19.00.** Julekonsert.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige ungdomsforbund.  
**Des. 20.** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Menighetsseminarene.  
**Arna kl. 19.00.** VI SYNG JULIA INN.  
**Ytre Arna kl. 18.00** JULEKONSERT.
- Julafta**  
**Des. 24.** Arna kl. 14.30 Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.  
Arna kl. 15.30. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 16.30. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Diakoniutvalet.  
**Ytre Arna kl. 15.00.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Ytre Arna Barne- og ungdomskor.  
**Ytre Arna kl. 16.00.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Ytre Arna Barne- og ungdomskor.  
**Trengereid kl. 14.30.** Krinssekr. Ingvard Hageberg. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Juledag.**  
**Des. 25.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Ytre Arna kyrkjekor.
- Des. 26.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
**Trengereid kl. 11.00.** Sokneprest Øy.
- Des. 27.** Arna kl. 11.00. Kretssekretær Ingvard Hageberg. Ungdommens julegudstjeneste. Takkoffer til Landslaget for kristen skole.
- Des. 31.** Arna kl. 23.15. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Ungdomsarbeidet i Arna.  
**Ytre Arna kl. 23.15.** Sokneprest Øy.
- 1988**  
**Jan. 01.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.  
**Jan. 03.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy og gen.sekr. Dybdahl-Holte. Takkoffer til Muhammedanermisjonen.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Jan. 10.** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.  
**Ytre Arna kl. 11.00** Sokneprest Øy.
- Jan. 17.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Redaktør Finn Jarle Sæle. Nattverd.
- Jan. 25.** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy.

**Redaksjonsnemnda ynskjer alle lesarane  
ei God Julehøgtid og eit Godt Nytt År!**

## **ARNA PRESTEGJELD**

- Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.  
**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf.24 85 46.  
**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.  
**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.